



KOPI

Hanne Marie Evensen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7014 - 21/54942

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
19.08.2021

Uttale dispensasjonssøknad - gbnr 24/78 Fammestad

Tiltak: Dispensasjon frå byggegrense - mur
Byggestad: Høghøyen 24 - Gbnr 24/78 Fammestad
Tiltakshavar: Grethe Jorunn Andvik
Ansvarleg søkar: Arkitekt Knut Willie Jacobsen

Plan og byggesak ber om uttale frå vegmynde vedkomande plassering av mur innanfor regulert byggegrense mot kommunal veg. Frist for uttale er 10.09.2021.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kløve bustadfelt, planid: 1263-200801, er definert som bustader – frittliggjande småhus. Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 40 % BRA.

Uttale:

Det er i søknad ikkje opplyst ei minste avstand frå midt kommunal veg eller frå grense mot veg. I søknad må ein søke om minste avstand til midt kommunal veg eller grense mot veg. Etter det vi kan sjå, ut i frå vedlagt bilete, ser du ut som at mur er tenkt plassert i grense mot veg.

For at vegmynde skal kunne utføre drift og vedlikehald av veg må mur trekkast lenger inn på tomta. Det er også opplyst at mur skal ha ei høgde på 1,0 meter. Kjem mur i siktsone til regulert kommunalt vegkryss skal muren ha ei høgde som er under 0,5 meter for å ikkje utløyse krav om sikring (jf. Tek 17 §8-3 3.ledd bokstav b).

Det er i søknad ikkje lagt ved ved situasjonskart som viser muren sin avstand til vegmidt/grense mot veg eller som viser at mur er plassert utanfor siktsone. Det er lagt ved eit tverrsnitt som heller ikkje viser avstand til kommunal veg.

Vegmynde sett følgjande krav til dispensasjon frå byggegrense mot veg:

- Mellom ytterkant mur og kant kommunal veg skal det være eit grøfteareal med ei bredde på minimum 1,0 meter. Grøft skal være opparbeida med svakt fall frå kant kommunal veg. Minste avstand til ytterkant mur og grense mot veg vert sett til minimum 1,0 meter.
- Dersom mur kjem i siktsona til regulert kommunalt vegkryss, skal mur ha ei maks høgde på 0,4 meter over vegnivå kommunal veg for å unngå krav om sikring ihht Tek 17 §8-3 3.ledd bokstav b.

Muren skal være etablert slik at tekniske krav til regulert vegkryss vert stetta. Tekniske krav til vegkryss (sikt, svingradius m.meir) følgjer av vegnormal N100.

- Vilkår som er gitt i dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett skal gjelde, på lik linje som vilkåra gitt her.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hanne Marie Evensen

Mottakarar:

Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG